

Sette økoskulen på kartet

■ ■ Redd økoskulen! ■ ■ Full mobilisering landet rundt

AURLAND: Økoskulen fekk fylt på kampanjekontoen med hundre tusen kroner og veneforeininga fekk ein heil haug nye medlemmer etter grasrotaksjonen i helga.

– Det er heilt fantastisk. Det var meir enn 30 arrangement, og alle landets 19 fylke var med. Me fekk lokal pressedeckning fleire stader, mange nye medlemmer i veneforeininga og over 100.000 kroner inn til kampanjen, seier elev og kampanjekoordinator Spira Svendsen.

Treng pengar

Laurdag 29. november var den store mobiliseringsdagen for å berga landets einaste heiløkologiske jordbruksskule. Det er venta at skulen vil trenga ei opprusting på opp mot 80 millionar kroner i åra framover. Sist veke vart det kjend at Venstre fekk inn fem millionar kroner i budsjettforliket i Stortinget, noko som tyder at staten inngår som ein part i spleiselaget.

Onsdag vedtok Hovedutval for opplæring at fylkeskommunen bør gå inn med 20 millionar kroner til ekstraordinært vedlikehald av bygningsmassen. Ved skulen, og via vener og heile landet, held kronerullinga fram. Målet er å bidra med 12 millionar kroner frå privat kapital.

Vellukka

Ulike stands med sal av produkt, mat, varme drikkar, julemarknad, quiz, ponniriding, filmkveld og auksjon var berre nokre av dei mange tiltaka som vart gjennomført landet over.

– Alle arrangementa spreidde informasjon om saka og samla inn pengar til kronerullinga på ulike vis. Folk har vore utruleg positive til å bidra og kreative i planlegginga.

Fylkestinget

Skjebnen til Sogn Jord- og Hagebruksskule blir avgjort i Fylkestinget 9. og 10. desember. Håpet er at krafta i den landsdekkjande mobiliseringa bidreg til å styrkja den heiløkologiske landbruksskulen for framtidige generasjonar.

– Med den stadige aukande etterspørselen etter lokal og økologisk mat, er det absurd at Sogn Jord- og Hagebruksskule er i ein usikker posisjon. Difor har det vore lett å mobilisera hele landet. Mange ser også at økologisk landbruk kan vera ei spydspiss for å brin-



I BERGEN: Her frå Redd økoskulen sitt arrangement i Bergen med auksjon på julekalender, kunstfotografi og peparkaker.

(Foto: Monica Gjesdal Larsen)

ga heile det norske landbruket i ei meir berekraftig retning.

Med de klimautfordringane me står overfor, må me utdanne fleire økologiske agronomar.

Takk for støtte

– Veneforeininga vil seia tusen takk til alle som var med på å skapa ein historisk dag for Sogn Jord- og Hagebruksskule. Lokal pressedeckning diverse stader, mange nye medlemmar i veneforeininga og snart over 100.000 kroner inn på kontoen har utan tvil

stor verdi. Men verdien av ringverknadene er mykje større.

Morten Sortland
morten@sognavis.no

Folk har vore utruleg positive til å bidra og kreative i planlegginga.

Spira Svendsen